



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Livsløpsutvalet		
Giske formannskap		
Giske kommunestyre		

Orienteringssak om gjennomført tilsyn barnevernet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte tilsyn med barneverntenesta i Giske kommune den 01.-03. september 2020.

Tilsynet er initiert av Helsedirektoratet og er eit landsomfattande tilsyn.

Tema for tilsynet

Tema for tilsynet var barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingane og omfattar saker der barna budde heime då barneverntenesta fekk bekymringsmeldinga. Tilsynet undersøker om tenesta har undersøkt saka forsvarleg og i tråd med regelverket. Desse krava inneber i grove trekk at barneverntenesta førebur og planlegg undersøkinga ut frå innhaldet i meldinga og eventuell tidlegare undersøkingar/ anna kontakt med familien. Sørger for at innhald, omfang og framdrift i undersøkinga står i forhold til alvoret i situasjonen for barnet. Vidare at tenesta gjer relevante barnevernfaglege og juridiske vurderingar både undervegs og til slutt i undersøkinga konkluderer.

Bakgrunn for tilsynet

Det kan få store konsekvenser for barna og familiane i barnevernet dersom undersøkingane ikkje er forsvarlege. Både tilsyn og andre undersøkingar har vist at dette er eit sårbart område i barnevernet der kan vere stor fare for svikt. Det kan til dømes vere at alle forhold i meldingane ikkje blir undersøkt, at konklusjonen ikkje står i forhold til bekymringa eller forhold som er avdekt i undersøkinga, eller at barna og foreldre ikkje har fått tilpassa informasjon og har fått høve til å medverke. Mange tenester har også vanskar med å gjennomføre undersøkingane innan dei tidsrammene som barnevernlova krev.

Aktuelt lovgrunnlag



Fylkesmannen har ansvar for å føre tilsyn med den kommunale barneverntenesta etter barnvernlova § 2-3b. Eit tilsyn er kontroll av om drifta i verksemda er i samsvar med reglane i lov og forskrifter. Krava som var lagt til grunn for dette tilsynet kan oppsummerast slik: Barneverntenesta har rett og plikt til å undersøke saka når ein vurderer at det er « rimeleg grunn til å anta» at det ligg føre forhold som kan gi grunnlag for tiltak etter barnvernlova kapittel 4. Formålet med undersøkinga er å vurdere og konkludere om barnet lever i ein omsorgssituasjon som kan gi grunnlag for barneverntiltak. Det er reglane i barnvernlova og forvaltningslova som set krav til undersøkingane.

Fylkesmannen sin konklusjon

Tilsynet avdekte manglar i planlegging, gjennomføring og avslutning av undersøkingane og i barneverntenesta sin dokumentasjon av arbeidet. Tilsynet avdekte vidare at barneverntenesta ikkje dokumenterte vurderingane av kva som er det beste for barnet i barnevernsakene. Dette er i strid med barnvernlova § § 1-4 og 4-1. Kommune skal rette manglane og kontrollere at praksis i tenesta sitt arbeid undersøkingane blir endra. Kommune skal gi tilbakemelding til Fylkesmannen om planane for dette innan den 15.01.21 og kontroll den 01.06.2021.

Plan for lukking av avvik

Giske barnevernteneste har starta arbeidet med tiltak for korrigeringspraksis som er lovstridig og har utarbeida ein tiltaksplan for styrking av tenesta si utføring av undersøkingssaker og dokumentering av arbeidet.

Interkontroll:

Tenesta har prosedyrer for korleis meldingane blir mottekne og korleis ei undersøkingssak skal gjennomførast, men tilsynet avdekte at vi ikkje har eit forsvarleg interkontrollsystem som fangar opp avvik når gjeldande prosedyrer ikkje blir fulgt opp. Det vil derfor bli lagt inn i årshjulet for avdelinga at det skal vere systematisk kontroll av eit utvalg av saker i løpet av eit år, samt at tenesta har ei årleg evaluering av eksisterande prosedyrer og rutiner og korleis dei blir etterlevd.

Samt gi tilstrekkeleg opplæring i bruk av avvikssystemet og involvere dei tilsette i den årlege risikokartlegginga.

Auke kompetansen:

Oppdatere kompetanseplanen til målretta tiltak som tilsynet avdekte at vi er sårbare på. Styrke det faglege vurderingsgrunnlaget ved å tilby tilsette stadig fagfornyng gjennom bruk av digitale kurs, eksterne fagmiljø, samt bruk av interne ressursar på tvers av eininga.

Giske kommunestyre vil bli orientert om status i arbeidet og resultatet av kontrollen den 01.06.2021.



Vedlegg:

Handlingsplan for å sikre forsvarlege barneverntenester

Heimelsgrunnlaget

Barnevernloven § 1-4, §2-3b, jf. 2-3 tredje ledd om interkontroll.

Forvaltningslova

Vurdering:

Giske kommune set i verk tiltak for å lukke avvika så fort som mogleg og innan kontrollen som vert gjennomført 01.06.2021

Innstilling:

Giske kommunestyre tek saka til vitande.